

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2013



KONTROLLUTVALET I
VINDAFJORD KOMMUNE

INNLEIING

Kommunelova kapittel 12 handlar om internt tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal føra det løypande tilsyn (§ 77). Kontrollutvalet er altså eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll. I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal *"kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget"*.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2011-2015 har Vindafjord kommunestyre vald følgjande medlemer til kontrollutvalet:

Faste:

Øyvind Haraldseid - leiar
Anders Haugland - nestleiar
Margrethe Veim
Nils Terje Oma
Björg Borgemyr

Vara:

1. Peder Lothe
2. Anne-Lise Døvik
3. Nils Skrunes
4. Sissel Stene
5. Trygve Sandvik

Øyvind Haraldseid og Anders Haugland sit i kommunestyret. Leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har møtt på tre av møta. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han har vore til stades på to av møta.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2013

Kontrollutvalet har i 2013 hatt 4 møter fordelt på to møter første halvår og to møter andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kontrollutalet sitt reglement og lovendring frå 01.07.13.

Utvalet har hatt 22 saker til handsaming, kor 7 saker blei sendt til kommunestyret. 32 saker har blitt lagt fram til orientering. Oversyn over sakene og orienteringssakene følger som vedlegg.

Øyvind Haraldseid deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund på Gardermoen i februar. Det var ingen frå utvalet som deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn på Gardermoen i juni eller på konferansen til Forum for kontroll i Rogaland i Sandnes i november.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føreseger, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet handsama kommunen sin årsrekneskap for 2012 i møte den 15.05.13 og gav sin uttale til årsrekneskapen. Utvalet gav slik uttale:

Vindafford kommune sin årsrekneskap for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 3,8 mill.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 33,6 mill. kr, og at delar av dette er nytta til avsettingar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2012 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.12.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Vindafford kommune sin årsrekneskap for 2012.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i årsoppgjersbrevet er følgd opp.

Utvalet handsama på møte 02.10.13 tilsvaret frå administrasjonen på merknadane i årsoppgjersbrevet. Utvalet sa seg i samråd med revisor nøgd med svara dei fekk.

Årsmelding frå skatteoppkrevaren og skatterekneskapen for 2012 har vore lagt fram for utvalet til orientering.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og endeleg vedtak blei gjort av kommunestyret i oktober 2012.

Utvalet har dette året ikkje handsama nokon forvaltningsrevisjonsrapport.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og vedteken av kommunestyret i 2012.

Utvalet har handsama tre rapportar etter selskapskontrollar i 2013.

Den fyste var etter kontroll av Interkommunal Arkiv Rogaland IKS som blei handsama på møte den 20.02.13. Rapporten var laga av Rogaland Revisjon IKS og dei kom med tilrådingar både til selskapet og eigarkommunane. Tilrådingane til kommunen gjaldt i stor grad opplæringa av eigarrepresentantane og habilitetsvurdering av valkomiteen.

Rapporten fekk si oppfølging på møte i utvalet den 13.11.13. IKA ved daglig leiar hadde i ein e-post gjort greie for at dei i stor grad har etterkomme revisjonen sine tilrådingar. Kommunestyret handsama oppfølginga på møte i desember.

Den andre kontrollen var i samarbeid med Etne kommune og gjaldt Øyane ASVO. Kontrollen blei utført av KPMG og rapporten blei handsama på møte 15.05.13. Revisjonen gjorde ein del funn og gav fleire tilrådingar. Kommunestyret handsama rapporten på møte 10.06.13 og fylgde kontrollutvalet sine tilrådingar. Frist for tilbakemelding til utvalet om oppfølging blei sett til 31.12.13. Utvalet vil handsama oppfølging av rapporten på fyste møte i 2014.

Den tredje rapporten handsama utvalet på møte den 15.05.13 og var ein Eigarskapskontroll, og blei laga av KPMG. Revisor kom med ei rekke tilrådingar der desse tre var hovudpunkta:

- *I større grad markere og leggje til rette for ei differensiert tilnærming til eigarskapsutøvinga*
- *Bli tydelegare på val av selskapsform og kva konsekvensar det har for eigarstyring*
- *Etablere enkle opplæringsrutinar for nyvalde styremedlemer*

Kommunestyret handsama rapporten på møte 10.06.13 og fylgde kontrollutvalet sine tilrådingar. Frist for oppfølging blei sett til 01.07.14.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med KPMG som revisor frå 2012. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til å forlengja med 1 år. Oppdragsansvarlig rekneskapsrevisor er Roald Stakland med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter. Det har vore ein eller fleire revisorar til stades på alle møta. Dei har mellom anna presentert prosjektplanar, rapportar og plan for rekneskapsrevisjon.

Kontrollutvalet har handsama revisor si egenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker. Utvalet har mellom anna blitt orientert om skatterekneskap, budsjettframlegg, KOSTRA-tall og kommunebarometeret i løpet av året.

4.6 BUDSJETT/REKNEKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2013:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2013	BUDSJETT 2013
Godtgjersle og driftsutgifter	52 968	97 000
Revisjonstenester	339 568	400 000
Sekretariatstenester	158 000	158 000
Sum utgifter (eks.mva.)	550 536	655 000

Kontrollutvalet handsama hausten 2013 framlegg til totalbudsjett for internt tilsyn og kontroll for 2014. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariats-tenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 670 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2013, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore Odd Gunnar Høie


Sekretariatet har i løpet av 2013 oppgradert sine heimesider. Nå blir mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar lagt ut på heimesidene fortløpande, www.kontrollutvalgene.no


Frå Vindafjord kommune er Per Fatland vald til representantskapet i IKS'et, med Arnfinn Øverland som varamedlem. Fatland var til stades på representantskapsmøtet 07.05.13.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2013 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram tre rapportar, administrasjonen og ordførar har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Ølen, 19. februar 2014


Øyvind Haraldseid
Leiar


Anders Haugland


Margrete Veim

Nils Terje Oma


Bjørg Borgemyr

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/13 Godkjenning av protokoll frå møte 21.11.12
- 02/13 Referatsaker 20.02.13
- 03/13 Årsmelding for kontrollutvalet 2012
- 04/13 Rapport selskapskontroll – Interkommunalt Arkiv IKS (IKA)
- 05/13 Utkast til prosjektmandat – Eigarskapskontroll av Vindafjord kommune

- 06/13 Godkjenning av protokoll frå møte 20.02.13
- 07/13 Referatsaker 15.05.13
- 08/13 Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2012 - kontrollutvalet sin uttale
- 09/13 Rapport selskapskontroll – Øyane ASVO
- 10/13 Rapport eigarskapskontroll – Vindafjord kommune

- 11/13 Godkjenning av protokoll frå møte 15.05.13
- 12/13 Referatsaker 02.10.13
- 13/13 Oppfølging av årsoppgjersbrev for rekneskapsåret 2012
- 14/13 Revisor si egenerklæring 2013
- 15/13 Plan for rekneskapsrevisjon 2013
- 16/13 Budsjett for kontroll og tilsyn 2014
- 17/13 Møteplan 2014

- 18/13 Godkjenning av protokoll frå møte 02.10.13
- 19/13 Referatsaker 13.11.13
- 20/13 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 21/13 Oppfølging av selskapskontroll – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
- 22/13 Orientering om budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017

Saker til orientering:

1. Årsrapport for 2012 – frå Skatteoppkrevaren i Vindafjord kommune
2. Statusrapport pr. februar 2013
3. Oppsummering frå NKRF konferansen på Gardermoen 5. – 6. februar
4. FKT medlemsbrev nr 2/12
5. Kommunestyrevedtak den 12.12.12, sak 081/12 - oppfølging av HIM rapport
6. Brev til Thomas Alvseike vedkomande byggesak på Utbjoa
7. Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vindafjord kommune - lagt på representantane sitt bord
8. Statusoversikt pr. mai 2013
9. Kommunestyrevedtak 19.03.13, sak 026/13 – rapport etter selskapskontroll
10. Skriv frå Gunvald Gundersen, og kontrollutvalet sitt svar
11. Representantskapsmøte – 25.04.13 – Interkommunalt Arkiv Rogland IKS
12. Representantskapsmøte – 07.05.13 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
13. Representantskapsmøte – 15.05.13 – HIM IKS
14. Representantskapsmøte - 28.05.13 – Krisesenter Vest IKS
15. Pressemelding KRD – Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane
16. Antikorrupsjon i kommunane – artikkel frå Kommunerevisoren nr 3
17. Statusrapport pr. september 2013
18. Kommunestyrevedtak 10.06.13, sak 039/13 – rapport Øyane Asvo as
19. Kommunestyrevedtak 10.06.13, sak 040/13 – rapport Eigarskapskontroll
20. Rekneskapsrapport 1. halvår – kontroll og tilsyn
21. FKT-konferansen 2014 i Haugesund, på Rica Maritim
22. Endring av ansvarleg rekneskapsrevisor
23. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m.
24. Kommunebarometeret – tabell 2013
25. Haustkonferansen 2013 – Sandnes
26. Håndbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen! (eige hefte)
27. Statusrapport pr. november 2013
28. Haustkonferansen 2013 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland 7.11.13
29. NKRF Kontrollutvalgskonferanse 5. - 6. februar 2014
30. Spørsmål om habilitet i AS og IKS – svar frå KRD
31. Kontrollutvalets ansvar og oppgåver
32. Kommunedagen 2013 – invitasjon til konferanse 04.12.13 frå KPMG AS